



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1336 - 17/10031

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:

16.05.2017

Høring- Søknad om dispensasjon frå arealformål parkbelte og naturvernområde i reguleringsplanen for industriområde Mjåtveit/ Frekhaugmarka

Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Kolos Eiendom AS Avd Frekhaug om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplanen for industriområde, Mjåtveit/Frekhaugmarka, jf plan- og bygningslova § 19-2, for å nytta område regulert til parkområde/naturvernområde til parkeringsplass på gbnr 22/184 på Mjåtveit.

Planstatus:

Det er to reguleringsplanar som overlappar eigedommen på gbnr 22/184. Største arealet er regulert av reguleringsplanen for Industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka til industriområde. Arealet mot bustadområde og Mjåtveittjernet er regulert av reguleringsplanen for Mjåtveitmarka til parkbelte/grøntområde og naturvernområde.

Den delen av gbnr 22/184 som det blir søkt dispensasjon på, er regulert av reguleringsplanen for Mjåtveitmarka til Naturvernområde og parkbelte.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå Kolos Eignedom AS søkt om dispensasjon frå arealformålet i reguleringsplanen, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1- 1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen bør ikke gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd. og Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon
22_171_184reg

Kopi til:

Kolos Inspection AS Avd Frekhaug Mjåtveitflaten 25 5918

FREKHAUG